

Lindås kommune
v/ rådmann Ørjan Raknes Forthun

30.6.2017

OPPSTART AV TO SELSKAPSKONTROLLAR

Deloitte vil i samsvar med utarbeidde prosjektplanar og bestilling frå kontrollutvalet starte opp to selskapskontrollar i Lindås kommune.

1. Selskapskontroll av eigarskapsforvaltninga i Lindås kommune

Føremålet med selskapskontrollen vil vere å belyse om kommunen utøver kontroll med kommunen sine eigarinteresser i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. I dette prosjektet vil vi sjå nærare på kommunen sine overordna system og rutinar for eigarskapsforvaltning, og ikkje på einskilte selskap.

2. Selskapskontroll av Knarvik Industri og Miljø AS i Lindås kommune

Føremålet med denne selskapskontrollen vil vere å sjå på Lindås kommune si eigarstyring av Knarvik Industri og Miljø AS. Selskapskontrollen vil vidare undersøke om *selskapet* har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk

Revisjonen vil gjennomføre desse prosjekta parallelt hausten 2017.

Revisjonen vil nytte dokumentanalyse og intervju for å få informasjon om kommunen sitt arbeid innanfor det aktuelle området. I den andre kontrollen vil vi også kontakte selskapet. Vi ber om å få utnemnt **kontaktperson i kommunen** for desse selskapskontrollane som Deloitte kan samarbeide med for å få vidare tilgang til relevante dokument og organisering av intervju. Det er opp til kommunen om de vil ha ein felles kontaktperson for desse to prosjekta eller om det er naturleg at det er to ulike personar.

Ettersom det no er ferietid er fristen for å gi tilbakemelding på kontaktpersonar sett til **7. august**.

Eventuelle spørsmål om prosjekta kan rettast til prosjektleiar Birte Bjørkelo på tlf. 92898908, eller per e-post til bbjorkelo@deloitte.no Vi gjer oppmerksom på at underteikna er på ferie fram til 28 juli og difor berre svarar sporadisk på e-post i denne perioden.,

Med venleg helsing
Deloitte AS

Birte Bjørkelo
Prosjektleiar